Austrheim KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Kjartan Fonnes
Lynghaugen 18b
5038 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Christopher Marius Straumøy | 03.10.2023 |
| Vår: 21/587 - 23/8856 | christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no | |

# Løyve til mellombels bruksløyve - gbnr. 148/123 - Åråsvågen - Fritidsbustad - garasje

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:** Kjartan Fonnes
**Ansvarleg søkjar:** Mjelde Bygg
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Oppføring av garasje

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket:

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2023

Det vert elles vist til søknad motteken 18.08.2023 og supplert 03.10.2023.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

## Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Ingen adresse |
| Bygningstiltak: | Fritidsbustad med garasje |
| Bygningsnummer: | Ikke tillagt |
| Bruksareal: | 83,3 $m^2$ |
| Avløp: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | Eit |

## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for fritidsbustad på gnr. 146, bnr. 123 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Fritidsbustad

2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.2023.

**Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjartan Fonnes | Lynghaugen 18b | 5038 | Bergen |
| Mjelde Bygg As | Mjelddalen 85 | 5286 | HAUS |